



Arkivsak

26/06139-1

Sakshandsamar

Johannes Rindal

Saksgang

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for samferdsel

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og
frivillighet

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

14.04.2026

21.04.2026

22.04.2026

22.04.2026

23.04.2026

29.04.2026

06.05.2026

Telemark fylkeskommune sine internasjonale aktiviteter i 2025 og handlingsplan for 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Saka om Telemark fylkeskommune sine internasjonale aktiviteter i 2025 og handlingsplan 2026 vert teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget vedtok i sak 76/24 ny internasjonal strategi. Det vert årleg lagt fram ei oversikt over dei internasjonale aktivitetane som er gjennomførde sist kalenderår. Handlingsprogram for inneverande år følgjer saka til orientering.

Saka vert lagt fram for Telemark ungdomsråd og alle hovedutvala for uttale.

Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som fattar endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Oppsummeringa av internasjonale aktiviteter er bygd opp i tråd den vedtekne strategien, som har 4 delar:

1. Medlemsorganisasjonar

I 2025 har Telemark fylkeskommune vore ein aktiv deltakar i fleire internasjonale medlemsorganisasjonar og nettverk, med mål om å fremje regional utvikling, berekraft og innovasjon. Mellom anna har fylkeskommunen delteke i arbeidet med berekraftig mobilitet og grøn omstilling gjennom prosjekt under Interreg Øresund-Kattegat-Skagerrak, samt bidrege til

nettverksbygging og kunnskapsutveksling innan transport og infrastruktur i Nordisk Transportpolitisk Nettverk. Telemark har i løpet av 2025 vedteke utmelding av både Euromontana og Konferansen av Perifere Maritime Regionar (CPMR).

2. Bilaterale avtaler

I 2025 har fylkestinget vedteke vidareføring av fleire bilaterale avtalar som styrkjer internasjonalt samarbeid og kompetanseutveksling. Eit døme er samarbeidsavtalen med Norway House i USA, der det mellom anna vart arrangert eit webinar om BARN-programmet for å hjelpe norske bedrifter med å etablere seg i den amerikanske marknaden. Vidare har fylkeskommunen vore aktiv deltakar i Crossings200-jubileet, som markerte 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg til Nord-Amerika. Gjennom ulike arrangement og utstillingar i Telemark har dette samarbeidet bidrege til å løfte fram migrasjonshistorie og stimulert til refleksjon og kunnskapsdeling om integrering. I tillegg er samarbeidet med Hubei-provinsen i Kina vidareført, der ein planlegg delegasjonsreise i samband med 20-årsjubileet for avtalen.

3. Prosjektarbeid

Telemark fylkeskommune har i 2025 vore involvert i fleire internasjonale prosjekt. Eit døme er Interreg ØKS-prosjektet Grønn Jyllandskorridor, der fylkeskommunen saman med andre partnerar har arbeidd for å fremje berekraftige transportløyser og grøn infrastruktur mellom Noreg og Danmark. Gjennom prosjektet har ein sett på mellom anna intermodale godstransportar, flaskehalsar i jernbanenettet og utvikling av energistasjonar, noko som har gjeve ny kunnskap og stimulert til vidare samarbeid mellom partnerane.

Erasmus+ er eit viktig program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett i EU. Telemark fylkeskommune har frå 2025 eiga akkreditering for eit skolekonsortium med fem vidaregåande skular. Dette har gjeve elevar og lærarar moglegheit til utvekslingsopphald og kompetanseheving i blant anna Tyskland og Spania. I tillegg har Nome og Skien vidaregåande skular eigne akkrediteringar innan spesielle utdanningsprogram. Innan fagopplæring er det felles akkreditering saman med Vestfold, som går ut i 2027. Det er sendt ut lærlingar i mange ulike fag, der opphaldet varer frå 2 til 13 veker.

4. Kompetanse og kunnskapsdeling

I 2025 har Telemark fylkeskommune lagt vekt på kompetanseutvikling og kunnskapsdeling innan internasjonalt arbeid. Gjennom deltaking i det internasjonale fylkesnettverket har tilsette fått utveksla erfaringar og drøfta sentrale tema som kultur og norsk deltaking i EU-program. Det har også vore jamlege digitale møte for å halde kvarandre oppdaterte. Internt har den internasjonale ressursgruppa i fylkeskommunen samla tilsette frå ulike seksjonar til fysiske møte og delt informasjon mellom samlingane for å styrkje samhandlinga på tvers av fagområde.

Telemark fylkeskommune har i tillegg samarbeidd tett med Osloregionens Europakontor (ORE), mellom anna gjennom lynkurs i EU og EØS for både politikarar og administrasjon, og eigen informasjonsdag om aktuelle tema frå både Brussel og Telemark. Dette førte til at Sirkulære Telemark fekk presentere sitt arbeid for ERRIN-nettverket (det europeiske forskningsnettverket for europeiske regionar) som eit døme på god praksis innan sirkulær økonomi. Fylkeskommunen har også delteke i DEMOS4EU-nettverket for å styrkje mobilisering mot forskingsutlysingar innan kultur og samfunn, og har fått invitasjon frå USN til å bidra i etableringa av eit nytt EU-nettverk for å styrkje regionen si deltaking i forskings- og innovasjonsprogram.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har ingen økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Det internasjonale arbeidet er eit verktøy for at fylkeskommunen skal nå sine eigne klimamål og FN sine bærekraftsmål.

Fylkesdirektøren si vurdering

Det internasjonale arbeidet i 2025 er prega av eit høgt aktivitetsnivå sett i ljøs av ressursituasjonen. Internasjonalt arbeid har bidrege til at Telemark kjem nærare måla vi har sett oss i Telemarksplanen. Det handlar både om kvaliteten på tenestene vi kan tilby, til dømes gjennom utvekslingsopphald for elevar og lærlingar, og gjennom ynskt samfunnsutvikling som prosjekta Grønn Jyllandskorridor og PyroCO2 er gode døme på.

Det internasjonale arbeidet er eit fagfelt som krev langsiktig politisk og administrativt arbeid. Fylkesdirektøren vil understreke behovet for god og koordinert oppfølging av det internasjonale arbeidet på alle nivå i organisasjonen. Ressursituasjonen gjer at det er utfordrande å få innarbeidd det internasjonale perspektivet i alle sektorar. Dersom fylkeskommunen skal nytte seg av moglegheitene som finst spesielt innan europeiske samarbeidsprogram og prosjekt, må samarbeidet på tvers fungere godt, og det må setjast av ressursar og tid til å delta i nettverks- og prosjektarbeid.

Fylkesdirektøren vil komme tilbake i møterekkje 3 – 2026 med ei oppfølging av følgjande verbalvedtak:

Fylkesdirektøren bes revidere og legge fram forslag til ny internasjonal strategi for Telemark fylkeskommune. I Europa blir regionene stadig mer strategisk viktige, ikke minst i et beredskapsperspektiv sett i lys av ny sikkerhetspolitisk situasjon. Utarbeidelsen bør skje i samarbeid med Telemarksplanens mål og satsinger.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Internasjonale aktiviteter 2025

Vedlegg 2: Handlingsplan internasjonalt 2026